



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 15.01.2018
Vår ref.: 2015/687-23
Saksbehandlar: liztoll
Dykkar ref.:

Referat frå møte 10.01.2018 ang. detaljplan for fylkesveg Slettebrekka - Hetlevik

Møtedato: 10.01.2018

Deltakarar: Hege Løtveit (SVV), Solveig Irene Olsen (Askøy kommune), Ambjørg Reinsnos (Fylkeskonservator), Gunhild Raddum (Samferdselsavd. HFK), Liz Eva Tøllefsen (Regionalavd., HFK). Eva Katrine Ritland Taule (Regionalavd., HFK) deltok på delar av møtet.

Bakgrunn

Planarbeidet med vegplanen har vert jobba med sida 2008, da stigningsforholda og linjeføringa i tunell måtte endrast som følge av tunnelforskrifta, og ein såg at gjeldande reguleringsplan måtte reviderast for å få dette til. SVV er no i sluttinnspurt med planen. HFK ga i brev av 19.12.2017 fråsegn til planarbeidet og ønska eit drøftingsmøte med forslagstillar og Askøy kommune.

Tema for møtet:

Kulturminne

Plankart R04, sydaust på plankartet, viser fortau og vegareal i grense til eit automatisk freda kulturminne, Askeladden id 91777. Det vart opplyst på møtet at det er planlagt kantstopp for buss i denne sonen, det er derfor naudsynt med fortau og nokre areal avsett til veggrunn for å kunne ta opp terrengforskjell. Det er lagt opp til kantstopp på 20 meter.

Frå fylkeskommunens side er det ikkje ønska nokre type tiltak nær det automatisk freda kulturminnet, og fylkeskonservator meldte i ein tidlege høringsfase i frå at vi ønska kulturminne inkludert i planen, med omsynssoner for bandlegging og bevaring. Fortau og kantstopp meiner vi er i konflikt med omsynet til kulturminne då inngrep i terreng kan medføre skade på kulturminnet, og forringer opplevinga av kulturminnet, sjølv om det vert liggande utanfor sjølve planområdet.

SVV har vurdert fleire alternative lokaliseringar for kantstopp, men valde løysning er mest hensiktsmessig pga nærleik til eksisterande bustadområde. Dei vil no først revurdere om kantstoppet kan etablerast ein annan stad. Dersom det ikkje kan flyttast vil dei vurdere om kantstoppet kan verte redusert i lengde for å redusere påvekninga på nemnde kulturminne. Fylkeskommunen krev at feltet *anna veggrunn* i dette området får ei eiga nummerering med eigne føresegner som legg føringar for eit avgrensa handlingsrom for terrenginngrep i denne sona. Føresegnene skal berre tillate absolutt naudsynte arealinngrep på dette konkrete punktet. I arealet mellom det nedkorta kantstoppet og kulturminnet skal det leggest ei eiga omsynssone (SOSI-kode H570) kor det framkjem at det ikkje er tillate med nokon form for tiltak. Endeleg

utforming av kantstopp, annan veggrunn og føresegner må gjerast i dialog med fylkeskonservator. Dersom kantstoppet ikkje kan flyttast eller reduserast i lengde må saka drøftast på ny.

Vidare vart massehåtering drøfta. Det er planlagd å deponere delar av overskuddsmassane frå tunnell og skjæringar frå byggearbeida både midlertidig og permanent innanfor planområdet. Noko er planlagd anvendt til turparkering vist i plankart R03. Fylkeskommunen påpeika i sitt fråsegn at det kan vere uheldig for landskapsvirkninga med så store fyllinger, og ba om at SVV gjorde ei ny vurdering på omfanget av utfyllinga. Det er positivt å at det vert tilrettelagd for parkering for turgåare, men rår til at SVV gjer ei vurdering på om parkeringsplassen og snusløyfa for busser kan reduserast noko frå kva som er vist i framlegget. Det saknas elles nokre moment i fråsegnene som sikrar dei visuelle kvalitetane til anlegget.

Fartsgrenser. Fylkeskommunen sett spørsmålstejn ved at det vert planlagd for fartsgrense på 80 km/t sjølv om det vert sagt at denne kan justerast ned ved behov (Dimensjonering er uavhenging av fartsgrense). Støy frå vegen grunna høg fart vil påverke naturopplevinga frå turgåare i området negativt, og gjere det mindre triveleg å gå og sykla langsmed vegen, sjølv om han er trygga med ein 3 meters rabatt mellom veg og gang- og sykkelveg.

Vi imøteser revidert framlegg til plan til vurdering før endelig vedtak, og ber om at planmateriellet vert supplert med nokre terrengsnitt som synar omfanget av utfyllinga til parkeringsplass, samt skjeringar på strategiske plassar langsmed veg.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, Seksjon for plan - REG AVD,

Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga

Jostein Aksdal, Fylkeskonservator

Kopi til:
Askøy kommune